



Utgreiing av søknad om tiltak på GBNR 134/292

Tiltakshavar søker om dispensasjon for oppføring av garasje som tilbygg til bustad. Garasjen får eit areal (BYA) på om lag 67 m² og erstatter den opprinnelige garasjen som var oppført på same side. Dispensasjon gjeld oppføring av bygg ut over gjeldande byggjegrenser.

Konstruksjonen er utforma med eit pult tak i forlengelsen av bustaden si takflate, men ligg under takutstikket på denne. Veggar mot nordvest og sør aust vert oppført i betong og resterande i treverk. Ved innkøyring til garasjen vert det eit takutstikk som fluktar med utstikket på bustaden. Dette gjer at garasjetilbygget står i stil til og harmonerer med bustaden. Tekking utførast med betongtakstein som tilsvarer bustaden.

Det vert montert to portar med måla 2,7 x 2,5 m- bxh i fasade mot nord aust og innkøyring til bustaden.

Det er gjort avtale med nabo på gbnr 134/289 om aksept for tiltaket då denne er nær tomtegrensa mellom desse eigedomane. Kopi av signert erklæring er lagt ved.

Tiltaket vil ha svært liten påverknad for øvrige naboeigedomar og vil ikkje påverke sikt- og solforhold for desse.

Kolstad 11/10-22

Karl Atle Taule